



VESTNES KOMMUNE TEKNISKE TENESTER
ADMINISTRASJON
Rådhuset
6390 VESTNES


Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Høring - reguleringsplan - Vestnes 49/3 og 49/11 - detaljregulering for massetak på Stokkeland

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljregulering for massetak på Stokkeland er sendt på høring og lagt til offentlig ettersyn. Føremålet med plana er å legge til rette for vidare drift og utviding av eksisterande steinuttak.

Mineralførekomsten er gneis med varierende sprekkdanning. Steinen skal vere av god kvalitet og eigna til bruk i asfaltproduksjon og berelag i riks- og fylkesvegar. Planområdet er på om lag 58 dekar og sjølve masseuttaket utgjør 46 dekar.



Figur 1: Kartutsnittet viser planavgrønsinga med raud stipla linje, og kommuneplanens arealdel. Planområdet ligg delvis i areal avsett til *nåverende-andre typer bebyggelse og anlegg* og føremålet LNF.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Natur- og miljøvern

Noreg bruker store midlar på restaurering av våtmarker, både bekke- og elveløp, sumpskogar og ikkje minst myr. Restaureringsprosjektet starta i 2015, og etter dette har miljøforvaltninga restaurert 139 myrar og tetta 365 km grøfter – omtrent like langt som strekninga Oslo – Dovre (tal henta frå Miljødirektoratet sine heimesider frå februar 2023). I 2023 vart det satt av 60 millionar kroner til naturrestaurering på land.

I vår fråsegn til varsel om oppstart skreiv vi at det er viktig at utviding av massetaket ikkje fører til negative konsekvensar for Djupmyra. Vi bad om at det vert sett ei tilstrekkeleg brei buffersone mot myra slik at ein hindrar avrenning. Vi påpeika at eit lite inngrep kunne føre til avrenning og endring av grunnvass-standen, som igjen vil endre det biologiske mangfaldet og dei økologiske tilhøva. I tillegg vil det kunne gje betydeleg klimaeffekt. Vi bad om at det vart innhenta fagkyndig kompetanse for ei vurdering om utvidinga vil påverke myrarealet.

Det er utarbeidd natur og kulturminnefagleg uttale frå *Naturoppsyn og kulturminnetjenester v/ Bernt Gjelsten*. Notatet konkluderer med at utviding av steinbrotet vil ha påverknad på eksisterande myrareal. Det er anbefalt å etablere jordvollar og plastring for å redusere mogleg skadeverknad på myrarealet.

Det er innarbeid føresegn at ein *kan* etablere voll innafor arealet avsett til grønstruktur. Dette må endrast til *må*, og opparbeiding sikrast med rekkefølgekrav. Vidare bør det stillast krav om at hydrolog er med å planlegg utforming av vollen, slik at ein sikrar at vollen blir tett og hindrar avrenning.

Vi ber også om at areal avsett til masseuttak nordaust i planområdet blir tatt ut. Sjølv om dette arealet ikkje ligg innafor lokalt viktig naturtype, er dette ein del av myrområdet og inngrep her vil føre til drenering.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.